
Fra: Rune Lothe <rune.lothe@ikah.no>
Sendt: onsdag 24. januar 2018 11.15
Til: eir.sandstaa@ullensvang.herad.no; Elisabeth Valdersnes; eli torsnes; Jan Torry Sande; Irene Rydland Haukeland; Martha Heggland; magda.haugen@fusa.kommune.no
Emne: Vedrørende måling av antal hyllemeter i samband med kartlegging av arkiv

Hei,alle saman.

Vi har i samband med kartlegginga av arkivbestanden, fått spørsmål om korleis ein skal måle ulike arkiv og korleis ein for eksempel reknar om frå arkivskap til hyllemeter.

Hjå oss nyttar me fyljande omrekningsmetode som er tilpassa hyllene og arkivboksane slik dei er hjå oss. Det betyr at om de nyttar hyller og eller boksar som avviker mykje frå den standarden vil tala sjølvsagt avvike noko.

Men, kanskje dette kan vere til hjelp i innspurten av kartlegginga om de då ikkje er ferdige ☺

Me reknar 9 standard A4 arkivboksar på ein meter (97cm hylle) kvar boks er om lag 10 / 11 cm

Ein arkivboks (og ein A4 brevordnar/ perm) kan halde om lag enkelt 275-300 dokument. (Når me finn ein perm vert den rekna som ein arkivboks)

Ei møtebok eller ein protokoll vert rekna som 0,5 arkivboks. (Dette dersom vi boksar uinnbundne protokollar / kopibøker og liknande. får vi skjeldan meir enn to i ein arkivboks.)

Eit standard arkivskap har ei skuffe som er om lag 60 cm djup. Om denne full av saksmapper reknar vi 6 A4 standard boksar (10/11cm) pr skuffe eller 0, 67 hm pr arkivskuff.

Det betyr at eit skap med 3 skuffer då inneheld om lag 2 hyllemeter arkiv.

Om de ynskjer hjelp til å skrive rapport omkring dette så ta kontakt med meg eller Terje så kan vi hjelpe.

Vh.
Rune